

Oppdragsnr.: 52101114 Dokumentnr.
01

Til: Odd Haugen
Frå: Arne Kringlen
Dato: 2021-09-03


► Detaljregulering Øksnesmarka – naturmangfold og kunnskapsgrunnlag til konsekvensutgreiing

1. Innleiing

I samband med oppstart av detaljreguleringsplan Øksnesmarka næringsområde i Austrheim, er det gjort ei synfaring av aktuelt tiltaksområde, knytt opp mot terrestriske naturverdiar i området. Synfaringa vart gjennomført fredag 18. juni av 2 medarbeidarar med naturfagleg kompetanse. Aktuelt tiltaksområde er stort og synfaringa er gjort på overordna nivå, men med særleg fokus på dei artar og naturtypar som allereie er registrert i området. Det ble ikkje gjennomført detaljkartlegging for å stadfeste utbreiing av evt raudlisteartar eller naturtypar. Det vart tatt utgangspunkt i å synfare arealet der raud trase for vegtilkomst startar i sør og vidare inn i tiltaksområdet.

Bakgrunnen for planarbeidet er ønske om etablering av landbasert fiskeoppdrett på eit areal på ca. 500 daa, som er sett av til arealformåla «næring» og «hamn» i kommuneplanen (KPA 2019-2029). I tillegg må det avklarast ny vegtilkomst til området, noko som ikkje er avklart i vedteken KPA. Sjå figur under for aktuelt tiltaksområde.

Denne oppsummeringa av naturverdiar i området vil inngå som del av kunnskapsgrunnlag i konsekvensutgreiinga (KU) som skal utarbeidast.



Figur 1. KPA til venstre: planområdet vist som næring (lilla felt) og hamneområde i sjø (blågrått felt). Figur til høgre: moglege trasear for vegtilkomst til området, der raud trase som startar frå Dyrneskrysset er mest aktuell p.t.

2. Oppsummering av kjente naturverdiar i området

I samband med førre revisjon av kommuneplanen er det framkomme ein god del informasjon om verdiar i området, og det føreligg svært mange artsregistreringar i området jf. Artsdatabanken. Planområdet er klassifisert til å ha nasjonale verdiar, knytt opp til sterkt og kritisk trua naturtypar og artar.

Planområdet inngår også i eit større inngrepsfritt naturområde i kommunen, der ein liten del (Langaneset) er definert inn som INON-område. Det betyr at INON-arealet på Langaneset ligg ein kilometer eller meir i luftline frå tekniske inngrep (inngrepsfri sone 2). Slike inngrepsfrie områder er viktige for naturmangfald, blant anna for artar med krav til urørte leveområde. INON er eit verktøy i arealforvaltninga for å sikre tilstrekkelege inngrepsfrie areal som bidrar til økologisk flyt og som er av betydning, noko som særleg gjeld dei samanhengande INON-områdene. Til tross for dette blir desse stadig færre av i landet og utviklinga er negativ.

2.1 Naturgrunnlaget i området

Planområdet ligg i vegetasjonssone «*boreonemoral sone*» som betyr edellauv- og barskogssona. Ytst på Vestlandet er det innafor denne vegetasjonssona særleg open kystlynghei og store areal av myr og hei. Vegetasjon i denne delen av landet har dei fleste stader vore under sterk påverknad av menneskeleg aktivitet (beiting, slått, brenning og uttak av torv) der mellom anna kystlynghei er ein vesentleg del av dette kulturlandskapet. Der det veks skog på skrinn eller næringsfattig jord er det som regel furu som dominerer. Gran er planta i områder med betre bonitet.

Området har eit «sterkt oseanisk klima», noko som betyr mykje nedbør, høg relativ luftfuktigheit og små forskjellar mellom varmaste og kaldaste månad. Ofte er det særleg fuktkevjangende organismar (mosar) som dominerer botnsjiktet. Lengst vest, som i dette området, er kystregionen særeigen og dominert av kystlynghei og planteliv med stort innslag av oseaniske artar.

Tiltaksområdet ligg mellom 0 og 40 m over havet og er småkupert med innslag av tjern, våte myrparti og bekker. Den topografiske variasjonen i området gir lokale forskjellar i sol- og vindforhold, samt hydrologiske forhold og nærleik til sjø (saltsprut) vil spele ein rolle på lokalklimaet og vegetasjonen som veks der.


Berggrunnen i tiltaksområdet består av anorthositt (hovudbergart) med stadvis innslag av gabbro (tilleggsart), jf. økologisk grunnkart hos Artsdatabanken. I hovudsak er det skrint med lausmassedekke i området og ein del bart fjell, med unntak av på Ulvikemyra som har eit tjukt dekke med organisk jordsmonn. Hovudbergarten anorthositt har svært lågt kalkinnhald (basefattig og sur berggrunn) noko som vil gi eit magert og næringsfattig vekstgrunnlag for vegetasjonen som veks på desse områda. Mens der det er innslag av gabbro (basisk bergart) og tynt jorddekke, vil det vere betre forutsetningar for artsrik, frodig og sjeldan flora. Dette på grunn av basiske bergartar gir meir plantenæringsstoffar når dei forvitrar. Der det er gabbro til stades kan dette altså vere med på å påverke vegetasjonen som veks der.

2.2 Vassførekomst

Planområdet er lokalisert innafor to vassførekomst (Figur 2). *Børildosen-Åråsvågen* (ID: 0261040102-C), som er kystvatn, er registrert med «god økologisk tilstand». Den økologiske tilstanden er vurdert på lav presisjon, men tidlegare undersøkingar i samband med fiskeoppdrettsanlegg i resipienten har vist seg å ikkje ha vesentleg negativ påverknad (resipienten toler utslepp bra) jf. vann-nett.no.

Austrheimvågen bekkefelt (ID: 066-18-R) går på tvers gjennom planområdet gjennom Teindalen og strekk seg vidare sørover. Bekkefeltet er registrert med «moderat økologisk tilstand» (moderat botnfauna), er humøst, kalkfattig og er elles lite påverka av ureining frå avlaup og landbruk. Teindalsvassdraget gjennom planområdet startar frå Hammarsvatnet (23 moh) og Auretjørn (14 moh) og renn vidare gjennom en bekk på ca. 1 km ut i eit estaurarie (brakkvatn der elvemunning møter tidevatn) og ut i Austevågane i nord. Når det gjeld sjølve bekken frå sjø og opp til Auretjern, er denne lite eigna som gytebekk og det har tidlegare vore

tilrådd å ikkje iverksette tiltak for å gjere vassdraget eigna for oppgang av sjøaure (Rådgivende biologer, 1994).



Figur 2. Oversikt over dei to vassførekomstane i området. Grønt sjøareal viser førekomst med god økologisk tilstand, gult bekkefelt viser førekomst med moderat økologisk tilstand. Kjelde: vann-nett.no.


2.3 Vegetasjonstypar og arealbruk

Øksnesmarka er eit kulturlandskap med spor av steingardar og sommarfjøs/torvhus, noko som vitnar om tidlegare utmarksbruk. Området er i dag ein mosaikk av i hovudsak kystlynghei og kystmyr, med innslag av skog, bart fjell og små tjern/vassdrag.

Utmarka har i lang tid vore i bruk til både beiting (lynghei) og torvuttak (myrareal), der nokre delar av utmarka framleis vert beita i dag. Området vert elles brukt som friluftsområde for turgåarar. Området har generelt liten slitasje, noko som kan indikere at det ikkje er vesentleg høg bruksfrekvens. Tydelege hjortetråkk inngår også i området.

Kystlynghei som naturtype er definert som semi-naturleg vegetasjon ettersom den er utvikla gjennom tradisjonell skjøtsel med sviing og beiting over tid. Nøkkelarten her er røsslyng, med innslag av ei rekke fleire artar. Kystlynghei er på den norske raudlista for naturtypar klassifisert som «sterkt trua» (EN). Mykje av kystlyngheia i området er no i tidleg attgroing (brakkleggingsfase) og har ikkje vore brent på lengre tid. Dette kan bl.a. sjåast på vegetasjonen ettersom einer (*Juniperus communis*) dominerer fleire stader.

I Øksnesmarka har det tidlegare vore planta skog, der sitkagran (svært høg risiko-SE) no er dominerande treslag, men også buskfuru/bergfuru (SE) og europalerk (NR) veks i området. Skogsvegetasjonen har dei seinare tiåra spreidd seg utover fastmarka (dvs ikkje tresatt areal) evt. vert planta fleire stader, og er no ein trussel for dei eksisterande naturtypene kystlynghei og kystmyr. Bilete under viser flyfoto av området frå 1967 med få synlege etablerte skogsfelt og frå 2020 kor skogsareal har tydeleg auka i omfang.



Figur 3. Flybilette over området frå 1967 viser nokre planta skogsfelt i området. Nyare bilete frå 2020 viser at skogsareal har etablert seg fleire stader i Øksnesmarka. Ca. omriss av skog vist med gult. Det er sitkagran (framande skadeleg art) som er dominerande treslag inkl. noko europalerk og berg-/buskfuru. Skogen er ein trussel mot eksisterande kystlynghei og kystmyr som naturtypar.

Når det gjeld kartlagde naturtypar i/ved planområdet (sjå Figur 4) er det registrert eit større felt av kystlynghei med B verdi (viktig). Planområdet ligg delvis innanfor den kartlagde lokaliteten. Kystlynghei med A og B-verdi er definert som utvalt naturtype (UN) og er difor beskytta etter eigen forskrift etter naturmangfaldlova. For lokalitetar definert som UN skal det jf. forskrifta lagast handlingsplanar for rettleiing av forvaltning, skjøtsel og andre tiltak. Kystlyngheilokaliteten vart registrert i 2020, i samband med utarbeiding av skjøtelsesplan for Øksnesmarka, på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Den kartlagde kystlyngheia er vurdert som kalkfattig og i moderat til sterk gjengroing, men at den kan restaurerast til å få større verdi ved lyngbrenning. Det står nemnt at det er planar om å starte opp lyngbrenning og meir beiting i området.

Like vest for planområdet, inst i Austevågane, er det kartlagd naturleg strandeng med B- verdi. Det er ikkje registrert sjeldne artar på lokaliteten, men sjølve naturtypen er eit intakt, stort brakkvassmiljø som ikkje er vanleg førekomande. Det vil vere viktig at det ikkje vert gjort tekniske inngrep i lokaliteten eller at dreneringsforhold vert forstyrra. Som nemnt over går vassdraget som har utløp i Austevågane gjennom Teindalen (startar frå Hammarsvatnet).

Sør for planområdet, ved Hammarsvatnet, er det registrert rikmyr med B-verdi (grov avgrensing). Det er ikkje registrert sjeldne artar på lokaliteten, men naturtypen er elles svært sjeldan i regionen. Rikmyr får tilsig av næringsrikt vatn, noko som gir rik karplanteflora med variasjon i gras-, starr-, vier og orkideartar.


Kommentarar etter synfaring 2021:

På synfaring juni 2021 ble det observert noko variasjon i våtmarksvegetasjonen vidare frå den registrerte rikmyra og nordover langs Aurevatnet og Teindalen, noko som kan indikere lokale skilnader i berggrunnen og som bidrar til meir næringsrik myr- og lyngvegetasjon innimellom elles næringsfattig myr- og lyngheivegetasjon. Blant anna vart det registrert LC-artar som engstarr, engsnelle, tettegras og heiblåfjær (karakteristiske artar for noko meir næringsrike/intermediære forhold). Andre LC-artar registrert observert langs Aurevatnet/sørleg del av Teindalen var kornstarr, slåttestårr, flekkmariland, bjønnskjegg, pors, tepperot, kystmyrklegg, tettegras, klokkelyng, røsslyng, einer, skrubbær, lyssiv og elvesnelle. Det ble ikkje observert raudlista planteartar på synfaringa.


Det er vanskeleg å sette ei klar grense mellom kva som er kystmyr og kystlynghei ettersom desse to hovudnaturtypepane opptrer i mosaikk over heile området. På ein grov skala opptrer lynghei der det er fastmark mens myr har fuktigkrevjande vegetasjon som dannar torv. Som vist i Figur 5 under er det gjort ei grov inndeling over kva areal som er myrkompleks (innan kategorien kystmyr) og kva som er kystlynghei (fastmark). I enkelte av myrareala, særleg i Teindalen, er det også innslag av vassdrag med vasskant- og vassvegetasjon.

Mesteparten av myrareal i tiltaksområdet er av ukjent djupn (sjå Figur 6). I hovudsak er myrene i tiltaksområdet godt over 5 daa i storleik, der Ulvikemyra utgjer den største på ca. 63 daa. Kystmyr i boreonemoral sone er viktig og har i slike kystområder vert i sterk tilbakegang (Miljødirektoratet, 2015). Det er usikkert kor mange av myrene i området som er intakte (mest verdifulle) og evt. kva grad dei er påverka av tidlegare inngrep av torvuttak.


For meir detaljert avgrensing av kystmyr og ytterlegare inndeling av delnaturtypar må myrkomplekset i området kartleggast meir omstendele (til dømes gjennom NIN-kartlegging).



Figur 4. Utklipp fra Naturbase.no. Oversikt over registrerte naturtyper i området. Ca. planområde vist med stipla line, her er ikke vist aktuelle trasear for vegtilkomst (som går lengre sørover frå stipla areal).



Figur 5. Omtrentlig vegetasjonsinndeling av området. Kjelde: NIBIO. Fastmarka utgjør i hovudsak kystlynghei og myr utgjør kystmyr. Skogsarealet (registrert i 2018) i nord er dominert av sitkagran med innslag av europalerk og berg-/buskfuru (framand artar), og i sør av særleg furu.



Figur 6. Oversikt over djupn på myrareal, der myr i nord er av ukjent djupn (kjelde: NIBIO).

Under vises dronefoto frå 2021. Omtrentleg plangrense mot nord er vist i raudt og ca. lokalisering av kjente naturtypar (henta frå Naturbase.no) i området er vist med kvit line. Fleire synfaringsbilete frå bakkeplan er vist som vedlegg 1 til dette notatet.



Figur 7. Oversiktsbilete av tiltaksområdet lengst nord (Norconsult 2021).




Figur 8. Oversiktsbilete av planområdet mot sør. I planområdet er det ein mosaikk av kystlynghei og kystmyr, med innslag av våtmark og skogareal.



Figur 9. Oversiktsbilete av planområdet lengst sør. Trase for ny tilkomstveg er ikkje tatt med her.

Til tross for at resten av Øksnesmarka ikkje er rekna som INON-område (pga det ligg nærmare eksisterande tekniske inngrep enn 1 km) er naturområdet stort, samanhengande og inngrepsfritt. Øksnesmarka er variert med innslag av vassdrag og fleire sjeldne naturtypar og spelar ei viktig rolle som eit økologisk funksjonsområde for fleire artsgrupper.



Figur 10. Sørleg del av planområdet ved Langeset er definert som INON-område.

2.4 Registreringar av raudlista og livskraftige artar

Figur 11 under viser kartutklipp frå Artsdatabanken med registrerte artsobservasjonar i området. Det er gjort svært mange registreringar og per tid er det til dømes registrert minst 777 ulike taksoner innafør den blå grensa i figuren. Her er det satt ei avgrensing der det takast utgangspunkt i dei artane som er nærmast utbyggingsområde, men det må påpeikast at det føreligg registreringar av fleire artar utanfor denne avgrensinga, og som vil verte del av kunnskapsgrunnlaget når det gjeld vurdering av påverknad/konsekvens.

Mesteparten av registreringane utgjør livskraftige artar (LC*), som er vanleg førekomande, men det er også registreringar av meir sjeldne artar som er raudlista eller er av nasjonal forvaltningsinteresse. Mest aktuell er sommarfuglen breibandpraktviklar som er sterkt truga (EN*). Den er registrert fleire gonger dei siste 4-5 åra i planområdet. I tillegg er det tidlegare registrert sjøfugl som makrellterne og alke (begge sterkt truga, EN) og lomvi som er kritisk truga i sjøområda omkring.

Vidare er det i nærområdet registrert ni artar som er sårbare (VU). Dette gjeld artar av både fugl, lav, mose, pattedyr og sopp (sjå detaljert liste under) og som er registrert i tidsrommet frå 2020 og tilbake i 1973. Når det gjeld nær trua artar (NT) er det registrert mest fugl (tot. 13 artar registrert i nyare tid).


Dei raudlista artane som er observert i/ved planområdet er samla i tabell 1 under.


Kommentarar etter synfaring 2021:

På synfaring juni 2021 ble det observert ein ny raudlista fugl i tiltaksområdet, dette er songlerke (VU).

I tillegg ble det på to av kollene like sør for Makrellneset observert opphaldsplass med spor av mogleg havørn (LC) mfl. (ein del fjær og sjømatrestar på toppen av kollene). Hjort (LC) ble observert på synfaring og dessutan er det meste av stinettet å rekne som hjortetråkk bortsett frå turløypa gjennom området. Også hoggorm (LC) vart observert i planområdet.

* Forklaring på raudlistekategoriene:





Figur 11. Kartutklippet fra Artsdatabanken viser omfanget av registreringar som er gjort ved Øksnesmarka og innanfor den blå avgrensinga. Raude og oransje markeringar viser raudlista artar, mens grøne markeringar visar vanleg førekommande og livskraftige artar. Sjå kva raudlista artar dette gjeld i tabellen på neste side. Ca. planområde er vist med svart stipla line. Ny tilkomstveg til planområdet er aktuelt å starte sørfrå ved Austrheimtjørna.

Oppdragsgjevar: **Odd Haugen Maskinstasjon AS**Oppdragsnr.: **52101114** Dokumentnr.: **01**

Tabell 1. Oversikt over dei raudlista artane som er registrert i eller i nærleik av planområdet jf. figur 11. Dei artane vist med grå farge i tabellen er registrert innafor planområdet. Obs: Norsk raudliste på artar vert oppdatert i nov. 2021 og status på enkelte av artane kan dermed endre seg frå det som er vist her.

Artsgruppe	Norsk namn	Raudliste status pr. 2021	Kommentar frå registreringane i Artskart
Lav	Rosettbråtelav	VU	Observert utanfor planområdet, eldre registrering (dvs før 2000)
	Elveblokklav	VU	Observert utanfor planområdet, eldre registrering
	Rødflekklav	VU	Observert utanfor planområdet, eldre registrering
Mose	Oddsåtemose	VU	Observert utanfor planområdet, eldre registrering
Sopp	Rød honningvokssopp	VU	Generell registrering over større område, inkl. planområde
	Lillagrå rødspore	NT	Observert utanfor planområdet, eldre registrering
	Storsporet rødspore	DD	Observert utanfor planområdet
Karplantar	Bakkesøte	NT	Observert utanfor planområdet, eldre registrering
Insekt	Bredbåndpraktvikler	EN	Mange registreringar, viktig tyngdepunkt for arten i Norge
	Kysthumle	NT	Utanfor planområdet, eldre registrering
Fuglar	Lomvi	CR	Utanfor planområdet
	Alke	EN	Utanfor planområdet
	Makrellterne	EN	Mogleg hekkande utanfor planområdet, eldre registrering
	Vannrikse	VU	Observert utanfor planområdet
	Hettemåke	VU	Observert utanfor planområdet
	Storspove	VU	Observert utanfor planområdet
	Songlerke	VU	Observert på synfaring 2021, truleg hekkande
	Gjøk	NT	Hekande
	Tyrkardue	NT	Hekande
	Fiskemåke	NT	Mogleg hekkande like utanfor planområdet
	Stær	NT	Næringssøkande
	Sivspurv	NT	Mogleg hekkande like utanfor planområdet
	Bergirisk	NT	Næringssøkande
	Svartand	NT	Observert utanfor planområdet
	Hønsehauk	NT	Næringssøkande
	Havelle	NT	
Anna vilt	Oter	VU	
Blautdyr	Østers	NT	Observert utanfor planområdet

Øksnesmarka er eit av få kjente tyngdepunkt for den trua sommarfuglen bredbåndpraktvikler (EN) sin utbreiing i Norge. Observasjonar av arten er for det meste registrert på Vestlandet, og i følge Artsdatabanken ser den ut til å vere utdøydd på Østlandet (eldre registreringar). Sommarfuglen vart ikkje registrert på synfaring juni 2021 og er jamfør Artskart også registrert andre stader i kommunen, sjå Figur 12.


Bredbåndpraktvikler lever på Primula-artar (marianøkleblom og særleg kusymre her på Vestlandet) og er sterkt knytt til naturtypen lynghei (i tillegg til skoglysning og kalkrike kratt på Østlandet). Det er ikkje registrert kusymre (LC) i planområdet og planten vart ikkje påvist på synfaring (sjølv om den er vanleg langs kysten).

Jf. Artsdatabanken er det sannsynleg at sommarfuglen er oversett ein del steder. Det kan difor vere eit potensiale for at sommarfuglen førekommer fleire steder i nærleik av Øksnesmarka der det er kystlynghei. Den reelle utbredelsen av bredbåndvinkler i regionen er altså usikker da det er uklart i kor stor grad andre

Oppdragsgiver: Odd Haugen Maskinstasjon AS
Oppdragsnr.: 52101114 Dokumentnr. 01

tilsvarende biotopar i nærliggande kyststrøk er undersøkt. Gjengroing av naturtypen kystlynghei er utpekt som ein trussel for påverknad på arten.

Observasjonane av sommarfuglen i planområdet er særleg sentrert sør for Midthaugen og langs Teindalen. Det er også gjort nokre få observasjonar andre stader i Austrheim (sør og nord for planområdet, på Årås og på Rotøyna) og ein kan forvente å finne den fleire stader der det er kystlynghei.



Figur 12. Her er vist registreringar av sommarfuglen bredbåndpraktvikler. Vestlandet og særleg Øksnesmarka viser seg å vere eit sannsynleg tyngdepunkt for utbreiinga i Norge.

Oppdragsgiver: Odd Haugen Maskinstasjon AS
Oppdragsnr.: 52101114 Dokumentnr. 01

Sjå vedlegg 1 for fotografiar av området tatt i juni 2021.

3. Kjelder og nettsider

Artsdatabanken.no. Artskart sist henta august 2021: <https://www.artsdatabanken.no/Pages/264269/Kart>

Artsdatabanken.no. Portal for økologiske grunnkart, sist henta august 2021:
<https://www.artsdatabanken.no/Pages/264269/Kart>

Miljødirektoratet, 2015. Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann. Utkast til faktaark 2015 – Våtmark. Versjon 7. august 2015.

Naturbase.no. Miljødirektoratet, sist henta august 2021: [Naturbase kart \(miljodirektoratet.no\)](http://Naturbase.kart(miljodirektoratet.no))

NIBIO, Norsk institutt for Bioøkonomi. Kartløysinga Kilden, sist henta august 2021: <https://kilden.nibio.no/>

Norgebilder.no. Statens kartverk. Sist henta august 2021: [Norge i bilder](http://Norge.i.bilder)

Rådgivende biologer, 1994. Tiltaksplan for sjøarevassdraga i Austrheim kommune. Rapport nr. 134.

Vann-nett.no. NVE, Norges vassdrag og energidirektorat. Kart over vassførekomstar sist henta august 2021:
[VannNett-Portal \(vann-nett.no\)](http://VannNett-Portal(vann-nett.no))

C02	2021-09-03	For gjennomgang hjå oppdragsgjevar	LEMRA	ATF	AKR
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.